



## Notat

Dato: 12.05.2015  
Arkivsak: 2015/428-2  
Saksbehandlar: karnyga3

---

**Til:** Samferdselsutvalet, fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Nye busskontraktar for rutepakkane Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal - orientering om kontraktane og gjennomføring av konkurranse**

Fylkesrådmannen syner til orientering gjeve i samferdselsutvalet 11.02.15 (RS 17/2015) og i fylkesutvalet 29.01.15 (RS 18/2015). Fylkesrådmannen vil i dette notatet orientere om det mest vesentlege innhaldet i kontraktane. I tillegg vil ein kome med oppdatert informasjon om framdrift i høve konkurranseutsettinga.

Som nemnt i overnemnde orienteringar vert begge kontraktane konkurranseutsett samla. Kontraktane har oppstart 16.08.16 og vil ha ei lengde på 9 år.

#### **1. Ruteproduksjon og økonomiske rammer**

I utvikling av linjenett og rutetilbod har ein lagt Kollektivstrategi for Hordaland (PS 30/2014) og tilhøyrande handlingsprogram 2015-2018 (PS 18/2015), til grunn. Omlegging i indre delar av Hardanger og Voss i 2013 er vurdert som vellukka, og ein har ikkje sett behovet for større omleggingar.

Det føreligg ikkje strategiar eller økonomiske rammer som tilseier planlegging av auke i kollektivtilbodet i dette området. Samla ruteproduksjon i området er planlagt vidareført på dagens nivå, og ein ser det som særst viktig å utnytte ressursane i området optimalt.

Det er gjort ein gjennomgang av rutetilbodet for å effektivisere drifta og få betre samordning og korrespondansar. I tillegg har alle kommunar i området vore inviterte til å komme med ønske om omprioriteringar i tilbodet lokalt. Ein har i grunnlaget for nytt anbod gjort fleire mindre endringar for å imøtekomme lokale behov og prioriteringar frå kommunane.

Til dømes var det frå Kvinnherad kommune etterspurd ei ny morgonrute mellom Rosendal og Sunde, og kveldsruter på strekninga Husnes-Skarveland, spesielt med tanke på heimtransport for ungdom etter kveldsaktivitetar i Husnes. Slike ruter er no planlagt inn i grunnlaget for det nye anbodet. Desse nye tilboda er finansierte gjennom nedtrekk i produksjonen andre stader i kommunen. I dette tilfellet blir linje 766 Rosendal-Matre-Åkra lagt ned mellom anna grunna svært låge passasjertal. Denne strekninga har vore den einaste i fylket der det fram til no har vore lagt til rette for kombinert gods- og persontransport. Godstransporten fell bort i det nye anbodet. Behovet for skulekøyning vil sjølvstg bli oppretthaldt på strekninga.

Skyss har også vore i dialog med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune/ Kolumbus for samordning av fylkeskryssande tilbod. Den einaste større endringa knytt til dette er planlagt kutt i rutetilbodet over Vikafjellet frå november til april. Årsaken er ustadige vær- og føretilhøve som gjer tilbodet svært uføreseieleg for dei reisande, i tillegg til vurderingar av sikkerheita både for reisande og sjåførar. Dette tiltaket blir gjort i samordning med Sogn og Fjordane, og med ei løysing der lokaltrafikken på begge sider av fjellovergangen blir ivareteke.

I anbudsområdet Modalen/Vaksdal er det ikkje lagt opp til nemneverdige endringar i rutetilbodet.

## 2. Miljø

Ein ser det som økonomisk og miljømessig hensiktsmessig å leggje til rette også for gjenbruk av bussar som held god standard og fyller miljøkrav. I begge kontraktane er det sett minstekrav om at bussmateriellet må oppfylle utslppskrava som ligg i Euro 5-standarden (for minibussar gjeld likevel eit minstekrav om Euro 4). For alle nye bussar i anbudet vil kravet om Euro 6 gjelde.

I tillegg til krava ovanfor vil miljø vere eit av tildelingskriteriuma i konkurransen. Her vil ein vektleggje tilbydarar som kan vise til gode tiltak for å redusere drivstofforbruk.,

## 3. Insentiv og kvalitetsgebyr

Det er i dei nye kontraktane lagt opp til vidareføring av ordninga med kvalitetsgebyr for tilhøve ein vurderer som spesielt viktige for dei reisande, som til dømes punktlegheit, regularitet og reingjering av bussane. Ein ser dette som eit godt verkemiddel for å halde kvaliteten i leveransen til kunden på eit høgt nivå.

Dagens kontraktar har i tillegg ordning med bonus/malus basert på måling av tilfredsheit hos dei reisande. Dette er ei ordning som medfører særskilte utfordringar i distrikta, der talet på reisande ofte er på et lågt nivå. Urbanet Analyse utarbeidde i 2013 ein rapport etter oppdrag frå Skyss om moglege insentivordningar og ansvarsdeling i kontrakt. Rapporten konkluderer med at insentivordning i distrikta bør vere knytta til tiltak som effektiviserer tilbodet. Dette er også i tråd med veileder som Kollektivtrafikkforeningen har utarbeidd.

I dei nye kontraktane for Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal vert det difor lagt opp til at Skyss vil honorere operatør for forslag om endringar i produksjonen som kan gjere denne meir effektiv utan å forringe tilbodet til dei reisande i vesentleg grad.

Tidleg i arbeidet med konkurransegrunnlaget var det gjennomført dialogkonferanse der potensielle operatørar og bussprodusentar fekk kome med sine synspunkt knytt til anboda. I tillegg har ein via det nyoppretta informasjons- og samarbeidsforumet *Dialogforum Buss Hordaland* fått konstruktive innspel frå både leiing, tillitsvalde og verneombud i operatørselskapa.

## 4. Oppdatert framdriftsplan

Konkurransen om dei to kontraktane blir gjennomført som ein to-trinns forhandla prosedyre. Søkjarane som er kvalifisert til å delta i konkurransen har frist til å levere tilbod innan 09.09.15. Signering av dei nye kontraktane skal etter planen skje 30.10.15.